
Fra: Tone Margrethe Bærland Furustøl
Sendt: torsdag 20. desember 2018 13:39
Til: Stian Simonsen (stiansimonsen@outlook.com)
Kopi: 'runar_fjeldstad@live.no'
Emne: Sak 18/2657 - gbnr 185/297
Vedlegg: Naboerklæring i samsvar med pbl. § 29-4.pdf


Hei.

Vi viser til førespurnad om dispensasjon frå regulert avkøyrslø slik den er vist på plankartet for bustadtomt nr 3 i område B5. Omsøkte avkøyrslø avviker frå regulert avkøyrslø slik den er vist på plankartet og krev difor dispensasjon. Vi har forstått søknaden slik at det er søkt om endra plassering frå regulert avkøyrslø. Endringa krev dispensasjon og gebyr for dispensasjon påløper. Dersom du ikkje ønskjer avkøyrslø slik den er omsøkt, men ønskjer å sende inn endringssøknad med oppdatert situasjonskart i tråd med avkøyrslø slik den er vist på plankartet, vil gebyr for dispensasjon bortfalle siden det ikkje er krav til dispensasjon for avkøyrslø slik den er vist på plankartet.

I høve utvendig trapp, som er bundet saman med bustad, så vil denne vere søknadspliktig då denne vil bryte med 4 meters regelen mot nabo gbnr 185/296. Trappen kan handsamast som eit mindre tiltak, jf. pbl. § 29-4 tredje ledd. 1 meters regelen mot nabo gjeld kun for frittliggende bygning. Trapp vil også innebere ein fasadeendring av bustad. Det må sendast inn naudsynt dokumentasjon som nabovarsling, oppdatert situasjonskart teikningar mv. Vi vil råde dykk til å innhente naboerklæring frå gbnr 185/296 for plassering av trapp nærare nabogrense enn 4 meter, sjå vedlagte erklæring

Kartutsnitt frå situasjonskart D-1.
på plankartet

Regulert avkøyrslø slik den er vist



Med helsing

Tone Furustøl | rådgjevar byggesak

E-post: tone.furustol@lindas.kommune.no | Telefon: +47 56 37 54 01
Kundesenter: +47 56 37 50 00 | Heimeside: www.lindas.kommune.no



LINDÅS KOMMUNE